



Prosjekt- og utviklingsmidler

Sluttrapport Biblioteket i farta (Ref #19a3429)

Tildelt beløp: **130 000**

Varighet: **Toårig**

Kategori: **Innsatsområder**

- Biblioteket som møteplass

Opplysninger om søker

Organisasjonsnavn / nr

Stordal bibliotek / 964980276

Kommunehuset
6250 Stordal

<http://www.mrbiblioteket.no/stordal>

Institusjonens leder

Bjørg Moltu

Ansværlig kontaktperson (søker)

Bjørg Moltu
93201367 / bjorg.moltu@stordal.kommune.no

Mål for prosjektet

Gjere biblioteket til ein aktiv og synleg aktør i lokalsamfunnet og inkludere folkehelseperspektivet i tilboda til den vaksne befolkninga på ein ny måte.

Rapportsammendrag

Bakgrunn

Då den nye biblioteklova trådde i kraft ved nyåret 2014 vart det stilt krav om at biblioteka skal drive aktiv formidling og vere ein møteplass for samtale og debatt. Stordal bibliotek sine lokale var dårleg eigna for arrangement for vaksne, og ein måtte ta grep for å oppfylle dei nye krava i biblioteklova. Som fylgje av lovendringa lyste Nasjonalbiblioteket ut ekstra utviklingsmidlar, og i februar 2014 søkte Stordal bibliotek NB om midlar til prosjektet. I april 2014 fekk biblioteket tildelt kr. 60.000 for eit år. Etter som dette i utgangspunktet var tenkt som eit toårig prosjekt søkte ein NB om midlar til vidareføring. I januar 2015 fekk ein tildelt kr. 70.000 til prosjektet.

Prosjektet «Biblioteket i farta» er spissa opp i mot folkehelse. Dette er i tråd med at Stordal kommune er med i «God Helse» partnarskapet for folkehelsearbeid i Møre og Romsdal. Det er ei målsetting at folkehelsetanken skal implementerast i all planlegging og arbeid i kommunen.

Målgruppe

Målgruppa for prosjektet var vaksne, samt gruppa foreldre og barn. Ein valde desse målgruppene fordi Stordal bibliotek er eit kombinasjonsbibliotek og det har vore ei utfordring å nå ut til den vaksne delen av befolkninga.

Samarbeidspartnalar

Samarbeid har vore ein viktig suksessfaktor. I prosjektet har ein hatt eit tett



Prosjekt- og utviklingsmidler

Sluttrapport Biblioteket i farta (Ref #19a3429)

samarbeid på tvers i kommunen, og samarbeid med frivillige lag og organisasjoner.

Daglig leiar for Stordal frivilligsentral, Kulturkonsulent og Folkehelsekoordinator har vore sentrale samarbeidspartnarar. I tillegg har lokale samarbeidspartnarar vore Mental Helse Stordal, Stordal Idrottslag og Stordal Turlag. Fylkesbiblioteket støtta opp om prosjektet i form av økonomisk støtte, og har elles vore ein god og viktig støttespelar. I andre prosjekt-år kom Sparebanken Møre inn med midlar til prosjektet.

Planlegging

God og langsiktig planlegging er eit viktig verktøy. Våren 2014 utarbeidde ein detaljert plan over arrangement, samt ei brosjyre som vart sendt ut til alle husstandar i kommunen. Ein etablerte og kontakt med samarbeidspartnarar om enkeltarrangement. I 2015 vart ein av ulike grunnar noko forseinka når det gjaldt planlegging av alle arrangement, ferdigstilling av brosjyren og utsending av denne. Ein gjennomførte tre vellukka arrangement i fyrste halvår, og i tillegg hadde ein stand under Stordalscup. Brosjyren over aktivitetar hausten 2015 vart sendt ut i god tid før første arrangement.

Ein arbeidde og fram ei utforming av overskrift og biletar på plakatar slik at desse skulle vere lett å kjenne at på oppslagstavler.

Våren 2014 starta ein og planlegging for utforming av bibliotekrommet, og ein etablerte kontakt med ein lokal møbelprodusent for utvikling og bygging av eit multifunksjonsmøbel som skulle fungere både som tribune og utstillingsplatå, samt gje oppbevaringsplass og hylleplasskontakt. Ideen om dette multifunksjonsmøbelet var det biblioteksjefen og ein kollega i kulturteamet som hadde, og det var spanande å følgje utviklingsprosessen fra ide til produkt. Våren 2014 starta ein og planlegging av innkjøp av diverse profileringsprodukt. Det vart elles sendt ut pressemeldingar til media, og prosjektet vart profilert med artiklar på Stordal kommune si heimeside, samt biblioteket si heimeside og Facebook.

Innhald og aktivitetar i prosjektet

I løpet av dei to prosjektåra har ein gjennomført følgjande:

Stubbediktvandring

I samarbeid med Mental Helse Stordal inviterte biblioteket til stubbediktvandringar der det vart deklamert dikt frå stubbar og steinar. I dei to prosjektåra vart det gjennomført i alt fire stubbediktvandringar, og det har vore god oppslutning om desse vandringane. Ein vil og nemne at Friluftsrådet for Ålesund og omegn fanga opp stubbediktvandringane, og bidrog med profilering både ved annonsering i Sunnmørsposten, samt at stubbediktvandringane kom inn i deira naturlos-program. Den eine stubbediktvandringa vart også ordføraren si gave i høve Friluftsrådet sitt jubileum,

Arrangementet vil bli vidareført, men truleg slik at ein legg opp til ei vandring i året.

Haudelyktsafari

I november 2014 og 2015 arrangerte Stordal bibliotek «Haudelyktsafari». I kveldsmørket gjekk ein i flokk og følgje til ein eldstad, der det var eventyrstund. Arrangementet er for barn i følge med vaksne, og om lag 20 små og store deltok på kvar av desse magiske kveldsstundene. I 2015 var Folkehelsekoordinator samarbeidspartnar. Stordal bibliotek har kjøpt inn 25 hovudlykter som er til utlån. Dette arrangementet vil bli vidareført.

Trim og bokbad

I november 2014 og 2015 inviterte Stordal bibliotek til «Trim og bokbad». Då hadde vi først ei samling på biblioteket der leseglade anbefalte bøker til andre leseglade. Etterpå var det tilbod om bading i symjebassenget eller trimtur. Det var god oppslutning om den litterære delen av arrangementet, og truleg vil ein vidareføre den biten.



Prosjekt- og utviklingsmidler

Sluttrapport Biblioteket i farta (Ref #19a3429)

Litterære stund på idretten sin arena

På Stordalscup 2014 arrangerte Stordal bibliotek «Ein halvtime med litt av kvart med Prøysen» med skodespelar Viggo Solum. I tillegg hadde biblioteket ei dokketeaterframsyning i samarbeid med SFO.

Under Stordalscup 2015 valde ein å ha stand i messeområdet, der ein m.a. orienterte om biblioteket sitt tilbod når det gjeld E-bøker, «biblioteket i farta» og biblioteket sine tenester.

I februar 2015 arrangerte biblioteket eventyrstund rundt bålpanna på Arena Overøye, og publikumstalet var om lag 20 små og store. Ein vidareførte eventyrstunda i 2016 og då møtte om lag 40 fram til eventyrstund rundt bålpanna på Arena Overøye.

Temakveldar og kulturformidling

I prosjektperioden vart det arrangert 4 temakveldar.

I begge prosjekt-åra vart det arrangert temakveld om psykisk helse i samband med verdsdagen for psykisk helse. Temaet for verdsdagen i 2014 var «Kvardagstress og psykisk helse». Forfattar Marit Kaldhol las eigne dikt knytt opp mot temaet for møtet, og ein spesialsjukepleiar i psykiatri haldt foredrag om kvardagsstress. Om lag 50 personar deltok på arrangementet. I 2015 var temaet «Sjå kvarandre – kast maska». Då var det foredrag ved «Generasjon Prestasjon» og forfattaren Charlotte Riise las eigne dikt.

Arrangementa var i samarbeid med Mental Helse Stordal, samt andre avdelingar internt i kommunen.

I april 2015 vitja skodespelaren Magne Skjævesland Stordal med framsyninga «Ferdaminne frå sumaren 1860». Arrangementet var eit samarbeid mellom Mental Helse, Stordal frivilligsentral og biblioteket.

I september 2015 arrangerte Stordal bibliotek historisk sentrumsvandring der om lag 50 personar deltok. Kvelden vart avslutta med biletavle på storskjerm i frivilligsentralen sitt lokale.

Samarbeidspartner på dette arrangementet var Stordal Ungdomsklubb.

I november 2015 var det temakveld om rettskriving med André Ulveseter.

Arrangementet var ein del av ein tur i regi av Møre og Romsdal fylkesbibliotek. Å meistre skriftsspråket er ein viktig folkehelsefaktor, og ettersom foredraget høver godt både for ungdom og voksne, valde vi å legge arrangementet til kveldstid.

Elevar på ungdomssteget ved Stordal skule deltok på arrangementet, og i tillegg var det ope for den voksne befolkninga. Arrangementet var eit samarbeid mellom biblioteket og frivilligsentralen.

Samtale og debatt

I mai 2015 var biblioteket medarrangør av eit folkemøte om kommunereforma, der om lag 80 innbyggjarar møtte fram. Det vart lagt vekt på at det blant innleiarane skulle vere balanse når det gjaldt synspunkt, og det var ein god og variert debatt med profesjonell leiing.

I August 2015 var Stordal bibliotek og Stordal frivilligsentral lokale medarrangørar for «Bålsamtale om friluftsliv». Det var «Friluftsrådet for Ålesund og omland» som var initiativtakar til å sette friluftsliv på dagsorden for administrativ og politisk leiing i kommunane. I Stordal representerte biblioteksjef og dagleg leiar for frivilligsentralen den administrative leiinga i kommunen, og deltok i debatten. I tillegg var det kulturinnslag i regi av biblioteket.

Biblioteket i farta på Internasjonal kulturfestival

I september 2015 var Stordal bibliotek for fyrste gong involvert i den internasjonale kulturfestivalen som vert arrangert kvart andre år i Stordal. På den tredje internasjonale kulturfestivalen hadde biblioteksjefen eventyrstund, og blant verdas



Prosjekt- og utviklingsmidler

Sluttrapport Biblioteket i farta (Ref #19a3429)

rike eventyrar valde ein å lese eit tysk eventyr. I tillegg leia biblioteksjefen allsong av «Fader Jakob» på mange ulike språk. Allsongen vart leia av biblioteksjefen, frå scena, med god hjelp av innvandrarar frå mange nasjonar. Biblioteket hadde og ei utstilling av eventyr frå mange land.

Lesesirkel for folk i farta

I november 2014 arrangerer biblioteket inspirasjonskveld der to inspiratorar anbefalte bøker, i tillegg orienterte to lesesirkeldeltakarar frå ei nabokommune om lesesirkelarbeidet der.

På inspirasjonskvelden orienterte biblioteksjefen om «Lesesirkel for folk i farta», og det vart delt ut skjema for påmelding.

I brosjyren som vart sendt ut til alle husstandar våren 2014 vart det gitt fyldig informasjon om «Lesesirkel for folk i farta», og det var oppslag på biblioteket si heimeside og på facebook. Det var og oppslag i ei lokalavis der ein freista rekruttere deltakarar til lesesirkelen. Ein lukkast ikkje i å etablere lesesirkel for folk i farta, og denne delen av prosjektet vart nedprioritert i 2015.

Innkjøp av profileringsprodukt

Biblioteka i Møre og Romsdal har ein felles logo, og gjennom prosjektet ynskte ein å gjere denne betre kjent i vår kommune. I begge prosjektåra kjøpte Stordal bibliotek inn ulike produkt med biblioteklogo. Profileringsprodukt vart delt ut til publikum under arrangement, samt brukt som takkegåve til formidlarar. Her vil ein spesielt nemne T-skjortene med Stordal bibliotek sin logo og teksta «bygd for fart» som vart gitt til dei som bidrog opp i mot arrangement, anten ved å deklamere stubbedikt eller på anna vis. Desse T-skjortene «heng litt høgt» og er titt å ofte å sjå i nærmiljøet. Det vart elles kjøpt inn 2 stk rollup til bruk under arrangement inne, og 2 stk. beachflagg til utandørsarrangement. Beachflagga har sommarhalvåret vore eit flott blikkfang utanfor biblioteklokalet.

Innkjøp av folkehelerelatert utlånsmateriell.

I begge prosjektåra har ein kjøpt inn folkehelerelatert utlånsmateriell.

Utforming av bibliotekrommet.

I heile prosjektperioden har ein arbeidd med planlegging og utforming av bibliotekrommet. Målet var å frigjere mest mogleg golvplass i området framfor multifunksjonsmøbelet ved å utnytte vegglassen betre, og at alt som skulle stå på golvet i arrangementsområdet skulle vere enkelt å flytte. Ein la og vekt på at ein framleis skulle ha ei brukarvennleg hylleplassering av ulike media. Det har vore ein arbeidskrevjande prosess med planlegging, ommøblering, mellomlanding av bøker, samt magasinering og noko kassering.

Ein hadde som mål å ha mest mogleg normal drift. Deler av samlinga var utilgjengeleg i korte periodar, men personalet kunne hente det meste av det som det vart spurta etter. Biblioteket var stengt i ei veke i prosjektperioden.

Bygging av multifunksjonsmøbelet vart av ulike grunnar forseinka, men sluttproduktet vart veldig bra. Stordal bibliotek har no tribunepllass til 18 vaksne eller 27 barn, og når tribuna ikkje er i bruk fungerer møbelet som utstillingsplatå, der ein kan ha ei stor utstilling eller mange små utstillingar. I tillegg er det oppbevaringsplass for mellom anna julebøker og utstillingsmateriell, og plass til mellombels lagring av utstillingar når tribuna skal vere i bruk. På baksida av tribunemøbelet er det godt med hylleplass. Nedste plan kan og fungere som sitjeplass for småbord. I tillegg til dette kan ein altså enkelt frigjere golvplass framfor tribuneområdet til både publikum og formidlarar.

Stordal bibliotek sitt multifunksjonsmøbel fekk prydje framsida i ei av lokalavisene.

Det var så vidt vi kom i mål innan prosjektdatoen som var satt, men då desember kom kunne ein hente fram juleutstillinga og freda senka seg over biblioteket – nesten.

Evaluering



Prosjekt- og utviklingsmidler

Sluttrapport Biblioteket i farta (Ref #19a3429)

Stordal bibliotek har vore ein aktiv og synleg aktør i lokalsamfunnet, og vi har langt på veg lukkast i å inkludere folkehelseperspektivet i tilbodet til den vaksne befolkninga.

Oppslutninga om arrangement seier noko om at ein har treft noko hjå innbyggjarane, og at mange av tiltaka bør vidareførast.

Når det gjeld utlån og bruken av biblioteket, trur ein at det først i inneverande år og i tida framover ein vil kunne måle om prosjektet har hatt ynska effekt. Biblioteket hadde ei lita auke i utlånet i 2014, men ein hadde nedgang i utlånet i 2015. Det er nærliggande å tru at nedgangen kan vere ein konsekvens av at det i lang tid var mykje arbeid på gang i bibliotekrommet. Deler av samlinga var tidvis på flyttefot, og at deler av samlinga i periodar var noko utilgjengeleg.

Ein marknadsførte prosjektet og enkeltarrangement gjennom pressemeldingar og på heimesidene til Stordal bibliotek og Stordal kommune. Somme av arrangementa vart og lagt inn på kalender i lokalaviser.

Prosjektet har hatt god medieomtale i lokalavisene, og det har også enkeltarrangement i prosjektet hatt. I løpet av prosjektet var Stordal bibliotek to gongar hovudoppslag på framsida i ei av lokalavisene. Den store regionavisa hadde små notisar om stubbediktvandringane, og NRK Møre og Romsdal har så vidt ein kjänner til, ikkje nemnt prosjektet. I desember var det publisert eit artikkel i bibliotektidsskriftet "Scandinavian Library Quarterly" om prosjektet.

Eit bilete frå ei stubbediktvandring fekk heiderleg omtale i Bok og bibliotek si fotokonkurranse "Årets bibliotekbilde 2015".

I februar 2016 var det eit innslag om stubbediktvandring under den årlege revyen i Stordalshallen, og det er eit teikn på at biblioteket har vore synleg i lokalsamfunnet.

Ein ser at ein kan og bør verte betre når det gjeld marknadsføring av biblioteket på eigne heimeside og sosiale media. Biblioteket bør vere meir i farta der, med jamn flyt av informasjon og nyhendeoppdateringar. Marknadsføring av arrangement i prosjektperioden har ein fylgt opp både med førehandsreportasje og reportasje etter arrangement.

Slagorda «Biblioteket i farta» og «Bygd for fart» er godt kjent blant folk i kommunen, og dette vil vi ta med oss vidare.

Deler av prosjektet vil bli vidareført m.a. stubbedikt, haudelyktsafari og eventyrstund ved bålpanna. Ein vil arbeide for at biblioteket skal vere i farta og synleg når noko skjer i kommunen. Stordal bibliotek har lite midlar, men har ein ressurs i at det blant personalet er formidlingskrefter. Det gode samarbeidet både

på tvers i kultur-teamet og med frivillige gjer at dette er mogleg å vidareføre.

Vidare vil ein arbeide for å få på plass midlar slik at ein framleis kan hente inn

profesjonelle kulturformidlarar og sette tema på dagsorden.

«Biblioteket i farta» var eit ambisiøst prosjekt, og tidvis var det noko hektisk. For bibliotekpersonalet har det vore givande å arbeide med prosjektet og Stordal bibliotek har fått eit løft.



Prosjekt- og utviklingsmidler

Sluttrapport Biblioteket i farta

Start- og slutt dato for prosjektet

Prosjektvarighet	Fra dato	Til dato
Toårig	28-04-2014	31-12-2015

Samarbeidspartnere

Organisasjon/institusjon	Formell avtale	Rolle
Kulturkontoret, Stordal kommune Kommunehuset 6250 Stordal	ja	Kulturkonsulent Hallgeir Hove vil vere medlem i prosjektgruppa. Hove er og FYSAK ansvarleg i Stordal kommune, samt at han er dagleg leiar for Stordalshallen
Stordal Frivilligsentral Kommunehuset 6250 Stordal	ja	Bjørg Jacobsen er dagleg leiar for Stordal Frivilligsentral, og vil vere medlem i prosjektgruppa. Jacobsen vil vere ein sentral samarbeidspartner i prosjektet. Ho er og ansvarleg for ungdomsråd og ungdomsklubben i kommunen.
Møre og Romsdal Fylkesbibliotek Boks 1320 6001 Ålesund	ja	Rådgivar, samarbeidspartner og bidreg også økonomisk til prosjektet.
M & R. fylkeskommune. Seksjons for folkehelse og fysisk aktivitet Fylkeshuset 6401 Molde	ja	Svein Neerland er seksjonsleiar for folkehelse og fysisk aktivitet i Møre og Romsdal fylkeskommune og vil vere ein rådgivar og støttespelar for prosjektet.
Stordal Idrettslag Stordal 6250 Stordal	ja	SIL vil støtte opp om prosjektet m.a. ved promotering av arrangement og SIL kan også inviterast inn som med-arrangør i ein del av dei fysiske aktivitetane som er nemnt i prosjektet.
Stordal Turlag Stordal 6250 Stordal	ja	Vil støtte opp om prosjektet ved å promotere arrangementa på ST heimesider og facebook.
Mental Helse Stordal 6250 Stordal	ja	Vil støtte opp om prosjektet. MHS Har ei svært aktiv nettside og vil der promotere prosjektet gjennom info og omtaler og kalenderfunksjon. Vil også promotere på MHS si facebookside www.mentalhelse.no
Stordal kommune Stordal 6250 Stordal	ja	Ordførar, og representer Stordal kommune, som også er økonomisk bidragsytar i prosjektet



Prosjekt- og utviklingsmidler

Sluttrapport Biblioteket i farta

Vedleggsoversikt

Beskrivelse

Prosjektregnskap

Multifunksjonsmøbel